

Uskedalen med i TV2-satsinga

18.05.2014



[Fly med oss](#) er tittelen på storsatsinga og her har teamet landa hos oss....

TV2 og Avinor er no igang med storsatsinga som skal vise landet fra lufta gjennom helikopteropptak i 90 timer. Arne Hjeltnes, pilot og 2 fotografar er med på gigantopplegget som skal innom 50 flyplassar og andre stoppestadar.

Første opptaksdag var i dag og då stod også Uskedalen på programmet - representert ved Nåso. Programma bli å sjå på skjerm og PC . Sendetida i TV er klokka 22.40 med unnatak av sundag då det startar klokka 21.40. Men allereie 9.50 mandag morgon kan ein sjå opptak på PC får uskedalen.no opplyst.

Helikopteret skal vera i lufta i 19 dagar. og teamet lovar at dei som fylgjer med aldri har sett maken til presentasjon av landet vårt. Hjeltnes ynskjer tips om gode innslag og det er grunn til å tru at fleire vart gjort allereie i dag på strekningen frå Gardermoen til Bergen. I dag skal helikopteret mellom anna innom Voss og då lovar den kreative program-makaren også spektakulære scener.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen